

Årsmelding for Hifo Sogn og Fjordane året 2010-2011

Meldinga omfattar aktiviteten frå mai 2010 – mai 2011

Styret i arbeidsåret 2010/2011

Anders Timberlid (leiar)
Rasmus Sunde (kasserar)
Agnes Brudvik Engeset
Kjerstin Risnes
Oddmund Løkensgard Hoel
Leiaren har vore sekretær.
Iris H. Kopperud har vore skulekontakt

Det har førebels ikkje vorte halde årsmøte.

Tilstellingar og aktivitet

HIFO, avd. Sogn og Fjordane har i samarbeid med historieseksjonen ved Avdeling for samfunnsfag hatt følgjande samlingar i meldingsperioden:

29. september: På jakt etter fortida (Forskingsdagane). På jakt etter fortida – kjeldebruk og historiefremidling

Korleis vert kjelder og historisk kunnskap teke vare på? Korleis vert kjeldene nytta på ulike måtar til å formidle eit visst syn på historia? Kva har den nye digitale kvardagen å seia for historieskrivinga? Det er sentrale spørsmål i seminaret.

På seminaret vart siste nytt frå historieforskinga i fylket kombinert med dagsaktuelle praksisar og tankar om historiefremidling. Seminaret retta seg mot alle som interesserer seg for historie, ikkje berre studentar og fagfolk.

Andre samarbeidspartnarar var Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

30. oktober:

Nynorske litteraturdagar i Flåm: Sogn og Fjordane – kva skil og kva samlar?” var tema for historieseminaret. Seminaret var også ei førebuing til det planlagde prosjektet om ei fylkessoge for Sogn og Fjordane. Innlegg av Anna Jorunn Avdem, Finn Før Sund, Johs. B. Thue og Anders Timberlid.

9. november:

Høgskulelektor Frode Fretland: Eit historisk perspektiv på fysisk aktivitet i idrett og oppvekst.

Medlemmene er elles aktive med ulike faglege prosjekt og laget vert rådspurt i ulike saker, anten det gjeld undervisningsopplegg i skulen eller store og mindre historiske skriveoppdrag. Fleire av medlemmane har i meldingsperioden vore i gang med eller har avslutta større historiske arbeid. Laget hadde 3 utsendingar til Hyllestad-seminaret i april 2011.

Økonomi

Økonomien i laget er bra. Laget sine einaste inntekter er driftstilskotet frå HIFO. Laget heldt ikkje årsmøte i 2009 og fekk såleis ikkje driftstilskot.

Medlemmer

I det sentrale medlemsregisteret er lokallaget ført opp med 12 medlemmer.

Styrearbeid

Styret held kontakt via telefon og på e-post,

Sogndal, 15. juli 2011

Anders Timberlid
Leiar